

# Søknad om godkjenning som lærebedrift

Ver. 18.10.2018

## Bedriftsopplysningar

Lærefag:	Planlagt tal på lærlingar:	Tal tilsette:
Namn på bedrifta (namn i Brønnøysundregisteret):		Ev. lokalt/marknadsføringsnamn:
Organisasjonsnummer:	E-postadresse:	Nettadresse:
Postadresse:	Postnummer:	Poststad:
Kontoradresse:	Postnummer:	Poststad:
Telefonnummer:	Telefonnr2 (alternativ)	Bankkontonummer:
Medlem av opplæringskontor? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Viss ja, namn på opplæringskontoret (legg ved medlemsavtale):	

## Fagleg leiar

Namn:	Fødselsnummer (11 siffer):
E-post:	Mobilnummer:
Fagleg leiars kompetanse: (legg ved dokumentasjon)	<input type="checkbox"/> Fag-/sveinebrev, meisterbrev eller høgare utdanning <input type="checkbox"/> 6 års relevant praksis

## Instruktørar

 Instruktørar skal stå for hovuddelen av opplæringa. Fagleg leiar kan òg vere instruktør. Bruk ev. eige vedlegg.

Namn1:	Namn2:

## Representant for arbeidstakarane

 (t.d. verneombod eller tillitsvald, for bedrifter med over 4 tilsette)

Namn:

## Dagleg/ansvarleg leiar

Namn:	Fødselsnummer (11 siffer):

### Underteikna stadfestar følgjande:

- Vi har gått igjennom læreplanen og bedrifta er ei slik verksemd og har slikt utstyr at vi kan gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i planen.
- Dokumentasjon på fagleg leiar sin kompetanse er vedlagt.
- Introduksjonskurset er gjennomført (krav for alle nye lærebedrifter).
- Vi aksepterer offentliggjøring av bedrifta som lærebedrift på Utdanning.no og Vilbli.no.

Stad/dato: \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Fagleg leiar\_\_\_\_\_  
Dagleg/ansvarleg leiar

# Rettleiing til søknad om godkjenning som lærebedrift

Godkjenning som lærebedrift kan bli gitt til enkeltbedrift, offentlig etat eller institusjon, opplæringskontor eller opplæringsring.

Vilkåra for å bli godkjent som lærebedrift er regulert i opplæringslova med tilhøyrande forskrifter. Etter opplæringslova § 4-3 tredje ledd må ei lærebedrift kunne gi «ei opplæring som tilfredsstillar krava i forskrifter etter § 3-4 om innhaldet i opplæringa».

## Krav til ei godkjent lærebedrift

1. Lærebedrifta må vere ei slik verksemd og ha slikt utstyr at ho kan gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen. Dersom bedrifta ikkje har tilstrekkeleg aktivitet og utstyr, kan ho inngå samarbeid med andre bedrifter om opplæringa. Samarbeidsavtale må sendast inn saman med søknaden.
2. Lærebedrifta skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvar for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Krav til fagleg leiar sin kompetanse er relevant fag- eller sveinebrev, meisterbrev i faget, adekvat høgare utdanning i faget. I nye fag eller i spesielle høve kan lang og allsidig praksis godkjennast, minimum 6 år. Fagleg leiar sine kvalifikasjonar må dokumenterast. Dokumentasjon på arbeidspraksis kan dokumenterast med attest.
3. Bedrifta skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa. Instruktøren er lærlingen og lærekandidaten sin næraste støttespelar, og har ansvar for den daglege opplæringa og for undervegsvurdering og halvårsvurdering. Alle instruktørar skal gjennomføre kurs i regi av Hordaland fylkeskommune i løpet av første år etter at bedrifta er godkjent. Fagleg leiar og instruktør kan vere ein og same person.
4. For bedrifter med meir enn 4 tilsette skal det førast opp ein eller fleire tilsynsrepresentantar for arbeidstakarane. Tilsynsrepresentanten skal saman med den faglege leiaren jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene etter opplæringslova med forskrift.
5. Verksemda må vere lokalisert innan Hordaland fylke sitt geografiske område. Bedrifter med registrerte undereiningar skal søke godkjenning som undereining, ikkje hovudeining. Det kan bli gitt unntak frå dette kravet dersom bedrifta har ei særskilt oppbygging som gjer det nødvendig å registrere hovudeininga.
6. Bedrifta må ha gjennomført Hordaland fylkeskommune sitt introduksjonskurs for nye lærebedrifter før endeleg godkjenning vert gitt. Dette vart vedtatt av opplærings- og helseutvalet den 14. mars 2017 som eit ledd i arbeidet med å utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa. Ein kan ta introduksjonskurset som informasjonsmøte eller som e-læringskurs på nettet (følg lenke under).
7. Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, og ha eit system for intern kvalitetssikring slik at lærlingen/lærekandidaten får opplæring i samsvar med opplæringslova og forskrifta til denne.

Alle godkjente lærebedrifter i Hordaland vil bli lagt ut på nasjonale nettsider med mindre ein reserverer seg. Lærebedrifta må ha ny godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt.

### Nyttige lenkjer

[www.hfk.no/blilarebedrift](http://www.hfk.no/blilarebedrift) - For meir informasjon om korleis bli lærebedrift, kurs mm.

[www.udir.no/lareplaner](http://www.udir.no/lareplaner) – Læreplanar

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_4) – Opplæringslova

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_13#KAPITTEL\\_13](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_13#KAPITTEL_13) – Forskriftene